The seal is a guarantee for the authenticity of the document.
Document ID:
FAFFCEF75EB440418DB46298AD0DC63A

Deloitte.

Deloitte AS
Lars Hilles gate 30
Postboks 6013 Postterminalen
NO-5892 Bergen
Norway

Tel: +47 55 21 81 00
www.deloitte.no

Til generalforsamlinga i Bømlo Kraftnett AS

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

*Konklusjon*
Vi har revidert Bømlo Kraftnett AS sin årsrekneskap som er samansett av balanse per 31. desember 2021, resultatrekneskap og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining

- oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og
- gjev årsrekneskapen eit rettvisande bilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2021, og av resultata og kontantstraumane for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

*Grunnlag for konklusjonen*
Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet slik det er krav om i lov, forskrift og International Code of Ethics for Professional Accountants (medrekna dei internasjonale sjølvstendestandardane) utferda av the International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglane), og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Innhenta revisjonsbevis er etter vår oppfatning tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for vår konklusjon.

*Ytterlegare informasjon*
Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for informasjonen i årsmeldinga. Ytterlegare informasjon omfattar informasjon i årsrapporten bortsett frå årsrekneskapen og den tilhøyrande revisjonsmeldinga. Vår fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje informasjonen i årsmeldinga.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese årsmeldinga. Formålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom årsmeldinga og årsrekneskapen og den kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om årsmeldinga inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi er pålagde å rapportere om årsmeldinga inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Ut frå kunnskapen vi har opparbeidd oss i revisjonen, meiner vi årsmeldinga

- er konsistent med årsrekneskapen og
- inneheld dei opplysningane som skal vere med etter gjeldande lovkrav.

*Leiinga sitt ansvar for årsrekneskapen*
Leiinga er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at han gir eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Penneo Dokumentnøkkel: DFZNT-HUEVO-EY740-CVD8S-QMAZV-XMIXI

Deloitte refers to one or more of Deloitte Touche Tohmatsu Limited ("DTTL"), its global network of member firms, and their related entities (collectively, the "Deloitte organization"). DTTL (also referred to as "Deloitte Global") and each of its member firms and related entities are legally separate and independent entities, which cannot obligate or bind each other in respect of third parties. DTTL and each DTTL member firm and related entity is liable only for its own acts and omissions, and not those of each other. DTTL does not provide services to clients. Please see www.deloitte.no to learn more.

Registrert i Foretaksregisteret Medlemmer av Den norske Revisorforening
Organisasjonsnummer: 980 211 282

© Deloitte AS

Deloitte.



Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betyding for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

***Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen***

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoen for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekka, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebere samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, urette framstillingar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er formålstenlege, og vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av leiinga, er rimelege.
- konkluderer vi, basert på innhenta revisjonsbevis, på om leiinga sin bruk av framleis drift-føresetnaden ved fastsetting av årsrekneskapen er formålstenleg og om det er vesentleg uvisse knytt til hendingar eller tilhøve som kan skape tvil av betyding om selskapet si evne til å halde fram med drifta. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentleg uvisse, må vi i revisjonsmeldinga gjere merksam på tilleggsopplysningane i årsrekneskapen, eller, dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at vi modifiserer konklusjonen vår. Konklusjonane våre er basert på revisjonsbevis innhenta inntil datoen for revisjonsmeldinga. Etterfølgjande hendingar eller tilhøve kan likevel føre til at selskapet ikkje held fram med drifta.
- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, og tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir eit rettvisande bilete.

Vi kommuniserer med styret mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betyding som vi har avdekka i løpet av revisjonen, samt om eventuelle svakheiter av betyding i den interne kontrollen.

Bergen, 29. april 2022
Deloitte AS

**Bjørn Lyse Opdal**
statsautorisert revisor

Penneo Dokumentnøkkel: DFZNT-HUEVO-EY740-CVD8S-QMAZV-XMIXI

PENNEO

*Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur". De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.*

*"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."*

**BJØRN LYSE OPDAL**
**Statsautorisert revisor**
*Serienummer: 9578-5990-4-2647745*
*IP: 217.173.xxx.xxx*
*2022-04-29 10:00:10 UTC*

bank ID

*Penneo Dokumentnøkkel: DFZNT-HUEVO-EY740-CVD8S-QMAZV-XMIXI*

Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

**Hvordan bekrefter at dette dokumentet er orginalen?**
Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service <penneo@penneo.com>**. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - **https://penneo.com/validate**

# Årsrekneskap 2021
# Bømlo Kraftnett AS

Org.nr.: 923 934 138

## Bømlo Kraftnett AS

# Resultatrekneskap

| NOTER | DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER | 2021 | 2020 |
|---|---|---|---|
| 9 | Overføringstariffer | 74 928 539 | 69 158 984 |
| 9 | Anna driftsinntekt | 5 737 951 | 6 206 186 |
| | Sum driftsinntekter | 80 666 490 | 75 365 171 |
| | | | |
| | Aktivering investeringar | -3 767 580 | -3 690 832 |
| | Overføringskostnad | 28 977 338 | 24 008 245 |
| | Anna varekjøp | 9 247 903 | 3 179 131 |
| 2, 3 | Lønskostnad | 15 008 309 | 13 697 352 |
| 1 | Avskriving | 8 324 148 | 9 321 964 |
| 2 | Annan driftskostnad | 16 118 321 | 17 945 604 |
| | Sum driftskostnader | 73 908 438 | 64 461 464 |
| | | | |
| | **Driftsresultat** | **6 758 052** | **10 903 707** |
| | | | |
| | **FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER** | | |
| | Anna renteinntekt | 660 | 82 930 |
| | Anna finansinntekt | 34 093 | 0 |
| | Annan rentekostnad | 536 | 177 |
| | Resultat av finanspostar | 34 218 | 82 753 |
| | | | |
| | **Ordinært resultat før skattekostnad** | **6 792 269** | **10 986 460** |
| | | | |
| **6** | **Skattekostnad på ordinært resultat** | **1 494 299** | **2 417 503** |
| | | | |
| | **Resultat i året** | **5 297 970** | **8 568 957** |
| | | | |
| | **OVERFØRINGAR** | | |
| | Avsett til annan eigenkapital | 5 297 970 | 4 364 707 |
| | Føreslått utbyte | 0 | 2 000 000 |
| | Avgitt konsernbidrag (etter skatt) | 0 | 2 204 250 |
| | Sum overføringar | 5 297 970 | 8 568 957 |

## Bømlo Kraftnett AS

# Balanse pr. 31. desember

| NOTER | EIGA | 2021 | 2020 |
|---|---|---|---|
| | ***Anleggsmiddel*** | | |
| | **Varige driftsmiddel** | | |
| | Tomter, bygningar og annan fast eigedom | 10 261 332 | 10 647 827 |
| | Distribusjonsnett, fjernvarme, målarar | 227 269 101 | 227 698 516 |
| 1 | Driftslausøyre, inventar, verktøy, kontormaskiner o.l. | 6 259 095 | 4 330 514 |
| | Anlegg under arbeid | 2 637 817 | 1 570 367 |
| 1 | Sum varige driftsmiddel | 246 427 344 | 244 247 224 |
| | **Finansielle anleggsmiddel** | | |
| | Investeringar i aksjar og partar | 698 283 | 611 616 |
| | Sum finansielle anleggsmiddel | 698 283 | 611 616 |
| | **Sum anleggsmiddel** | **247 125 627** | **244 858 840** |
| | ***Omløpsmiddel*** | | |
| | **Varer** | **2 996 716** | **977 990** |
| | **Krav** | | |
| 7 | Kundekrav | 13 885 171 | 22 290 527 |
| | Fordring på konsernselskap | 8 177 270 | 350 141 |
| 7 | Andre kortsiktige krav | 4 913 693 | 4 944 469 |
| | Sum krav | 26 976 134 | 27 585 137 |
| **8** | **Bankinnskot, kontantar og liknande** | **1 556 514** | **1 476 788** |
| | **Sum omløpsmiddel** | **31 529 364** | **30 039 915** |
| | **SUM EIGA** | **278 654 991** | **274 898 755** |

## Bømlo Kraftnett AS

# Balanse pr. 31. desember

| NOTER | EIGENKAPITAL OG GJELD | 2021 | 2020 |
|---|---|---|---|
| | *Eigenkapital* | | |
| | **Innskoten eigenkapital** | | |
| 4 | Aksjekapital (30 000 aksjar à kr 100) | 3 000 000 | 3 000 000 |
| | Overkurs | 240 203 597 | 240 203 599 |
| | Sum innskoten eigenkapital | 243 203 597 | 243 203 599 |
| | **Opptent eigenkapital** | | |
| | Annan eigenkapital | 9 662 680 | 4 364 707 |
| | Sum opptent eigenkapital | 9 662 680 | 4 364 707 |
| **5** | **Sum eigenkapital** | **252 866 277** | **247 568 306** |
| | *Gjeld* | | |
| | **Avsetjing til plikter** | | |
| 3 | Pensjonsplikter | 47 266 | 469 679 |
| 6 | Utsett skatt | 6 764 174 | 5 269 875 |
| | Sum avsetjing for plikter | 6 811 440 | 5 739 554 |
| | **Kortsiktig gjeld** | | |
| 7 | Leverandørgjeld | 6 558 525 | 3 850 272 |
| | Skuldige offentlege avgifter | 6 939 384 | 6 934 349 |
| | Gjeld til konsernselskap | 1 193 557 | 8 573 375 |
| 7 | Anna kortsiktig gjeld | 4 285 809 | 2 232 899 |
| | Sum kortsiktig gjeld | 18 977 275 | 21 590 895 |
| | **Sum gjeld** | **25 788 715** | **27 330 449** |
| | **SUM EIGENKAPITAL OG GJELD** | **278 654 991** | **274 898 755** |

Bremnes, 25.04.2022

| | | |
|---|---|---|
| Torleiv Fylkesnes<br>styreleiar | Anne-Beth Njærheim<br>nestleiar | Eli Furnes<br>styremedlem |
| Signe Lund Jansen<br>styremedlem | Ove Grønås<br>styremedlem | Vermund Hjelland<br>styremedlem |
| | Johnny Rolfsnes<br>styremedlem | |

# Bømlo Kraftnett AS

## Notar til rekneskap 2021

**Rekneskapsprinsipp**

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med reglane i rekneskapslova av 1998 og god rekneskapsskikk.

**Hovudregel for vurdering og klassifisering av eigedelar og gjeld**
Eigedelar bestemt for varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmiddel. Andre eigedelar er klassifisert som omlaupsmiddel. Fordringar som skal attendebetalast innan eitt år er klassifisert som omlaupsmiddel. For gjeld er dei same kriteria lagt til grunn.

Anleggsmiddel er verdsett til kostpris. Anleggsmiddel som går ned i verdi over tid er avskrivne lineært over den venta økonomiske levetida. Anleggsmidlane vert nedskrivne til verkeleg verdi ved verdifall som ikkje er venta og vere av forbigåande art. Langsiktig gjeld vert ført i balansen med nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Omlaupsmiddel er verdsett til lågaste verdi av kostpris og verkeleg verdi.

**Andre aksjar og partar klassifisert som anleggsmidlar**
Aksjar og partar i selskap der selskapet ikkje har betydeleg påverknad, er vurdert etter kostmetoden. Investeringa vert nedskriven til verkeleg verdi ved verdifall som ikkje er forbigåande. Motteke utbyte frå selskapa vert inntektsført som anna finansinntekt.

**Varer**
Materiallager er lager av rekvisita til bruk i arbeid med distribusjonsnettet og øvreg verksemd. Materiallageret er vurdert til det laveste av salgspris og anskaffingskost.

**Fordringar**
Kundefordringar og andre fordringar er ført opp til pålydande etter frådrag for avsetjing til forventa tap. Avsetjing til tap er gjort på grunnlag av individuell vurdering av dei einskilde postane.

**Bankinnskot, kontantar o.l.**
Bankinnskot, kontantar o.l. inkluderer kontantar, bankinnskot og andre betalingsmiddel med forfallsdato som er kortare enn tre månader frå anskaffing.

**Inntekter frå kraftoverføring**
Nettdrifta vert regulert av styresmaktene ved at Norges Vassdrags- og Energidirektorat (NVE) årleg fastset inntektsrammer for kvart selskap.

Inntektsramma vert fastsett på bakgrunn av faktiske historiske kostnader, verdien av selskapet sin nettkapital og målt effektivitet samanlikna med andre tilsvarande selskap. Inntektene vert i tillegg regulert i høve til mengda leveringsavbrot gjennom året, generell pris og renteutvikling.

Meir-/mindreinntekt er differansen mellom inntektsramma og faktiske innbetalte nettleigeinntekter. Meirinntekt skal renteberekn ast med rentesats fastsett av NVE og tilbakeførast til kundane. Mindreinntekt kan tilsvarande renteberekn ast og krevjast inn frå kundane.

**Andre inntekter**
Andre inntekter vert rekneskapsført når dei er opptent, altså når både risiko og kontroll er overført til kunden. Dette vil normalt vere tilfelle når vara eller tenesta er levert til kunden. Inntektene vert rekneskapsført med verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet.

**Anleggsbidrag**
Anleggsbidrag til investeringar, frå det offentlege og private, har gått til frådrag på aktiverte verdiar.

# Bømlo Kraftnett AS

## Notar til rekneskap 2021

**Rekneskapsprinsipp held fram**

**Vedlikehald**
Det er utført naudsynt vedlikehald på alle anleggsdelar. Det er ikkje føreteke avsetjing for utsett vedlikehald fordi kostnadene kjem til jamt over levetida. Vedlikehald/reinvestering som medfører vesentleg lengre levetid og inntening, vert aktivert.

**Kostnader**
Kostnader vert som hovudregel rekneskapsført i same periode som tilhøyrande inntekt. I dei tilfella det ikkje er ein klar samanheng mellom utgifter og inntekter, vert fordelinga fastsett etter skjønsmessige kriterium. Andre unntak frå samanstillingsprinsippet er gitt der det er aktuelt.

**Pensjon**
Selskapet har kollektiv pensjonsordning for dei tilsette. Ordninga er ein ytingsplan, det vil sei at selskapet har det økonomiske ansvaret for at dei tilsette får dei avtalte ytingane. Ved rekneskapsføring av pensjon som er ytingsplan, vert forpliktinga kostnadsført over oppteningstida i henhold til planens oppteningsformel. Allokeringsmetode tilsvarer planens oppteningsformel med mindre det vesentlege av oppteninga skjer mot slutten av oppteningsperioden. Lineær opptening vert då lagt til grunn. For pensjonsordningar etter lov om foretakspensjon vert såleis lineær opptening anvendt.

Estimatavvik og verknaden av endra føresetnadar amortiserast over forventa gjenverande oppteningstid i den grad dei overstig 10% av det høgaste av pensjonsforpliktinga og pensjonsmidlane (korridor). Planendringar vert fordelt over attverande oppteningstid. Arbeidsgjevaravgift er inkludert i tala.

**Skattar**
Skattekostnaden består av betalbar skatt (skatt på året si direkte skattepliktige inntekt) og endring i netto utsett skatt. Skattekostnaden vert fordelt på ordinært resultat og verknad av prinsippendring og korrigering av feil ut i frå skattegrunnlaget. Utsett skatt og utsett skattefordel er presentert netto i balansen.

**Kontantstraumoppstilling**
Kontantstraumoppstillinga er utarbeidd med basis i den indirekte metoden. Dette inneber at ein i analysen tek utgangspunkt i årsresultatet for å kunne presentere kontantstraumar som er tilført frå høvesvis ordinær drift, investeringsaktivitetar og finansieringsaktivitetar.

# Bømlo Kraftnett AS
## Notar til rekneskap 2021

**Note 1 Anleggsmiddel**

| | Distribusjonsnett | Anlegg under arbeid | Øvrege driftsmidlar | Bygningar og tomter | Sum |
|---|---|---|---|---|---|
| Anskaffingskost 1.1 | 367 413 217 | 1 570 367 | 20 987 583 | 19 532 855 | 409 504 022 |
| Tilgong kjøpte driftsmidlar | 6 433 291 | 1 067 450 | 3 093 165 | 0 | 10 593 906 |
| Avgong selde driftsmidlar | 589 139 | 0 | 1 108 302 | 0 | 1 697 441 |
| Anskaffingskost 31.12.20 | 373 257 369 | 2 637 817 | 22 972 446 | 19 532 855 | 418 400 487 |
| | | | | | |
| Akkumulerte avskrivingar 1.1. | 139 714 702 | 0 | 16 657 069 | 8 885 029 | 165 256 800 |
| Akkumulerte avskrivningar 31.12. | 146 487 771 | 0 | 17 821 653 | 9 271 524 | 173 580 948 |
| Akkumulert avskrivning avgong | 499 502 | 0 | 1 108 302 | 0 | 1 607 804 |
| Bokført verdi per 31.12.20 | 227 269 101 | 2 637 817 | 6 259 095 | 10 261 332 | 246 427 344 |
| | | | | | |
| Avskrivingar i året | 6 773 069 | 0 | 1 164 584 | 386 495 | 8 324 148 |
| | | | | | |
| Økonomisk levetid | 8 - 55 år | | 5-8 år | 50 år | |
| Avskrivingsplan | Lineær | | Lineær | Lineær | |

Avskrivningstider for komponenter i nettvirksomheten er endret i løpet av året. Linjenett, jordkabler og nettastasjoner avskrives nå over 55 år.

**Note 2 Lønskostnader og ytingar, godtgjersle til dagleg leiar, styret og revisor**

| **Lønskostnader** | **2021** | **2020** |
|---|---|---|
| Løn | 11 393 881 | 10 981 933 |
| Arbeidsgjevaravgift | 1 500 415 | 1 243 407 |
| Pensjonskostnader | 1 936 720 | 1 195 741 |
| Andre ytingar | 177 293 | 276 272 |
| Sum | 15 008 309 | 13 697 352 |
| | | |
| Gjennomsnittleg antal årsverk | 18 | 16 |

Dagleg leiar får løn frå morselskap Finnås Kraftlag SA. Det er utbetalt godtgjersle for styrearbeid til ansattrepresentant frå dette selskapet med kr 0. Øvreg godtgjersle til styret utbetalast frå morselskapet.

Det er ikkje ytt lån eller stilt trygd til dagleg leiar eller medlemmar av styret.

| **Kostnader til revisor** | **2021** | **2020** |
|---|---|---|
| Lovpålagt revisjon | 156 000 | 45 000 |
| Rekneskapsteknisk bistand | 25 500 | 20 550 |
| Skatterådgjeving | 10 000 | 4 500 |
| **Sum** | **191 500** | **70 050** |

# Bømlo Kraftnett AS

## Notar til rekneskap 2021

**Note 3 Pensjonskostnader, -midlar og forpliktingar**

Selskapet er pliktig til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon og har pensjonsordning som tilfredsstiller krava i denne lova.

Selskapet har pensjonsordning som omfattar i alt 16 aktive personar. Ordninga gjev rett til definerte framtidige ytingar. Desse er i hovudsak avhengig av oppteningsår, lønsnivå ved oppnådd pensjonsalder og storleiken på ytinga frå folketrygda. Forpliktinga er dekka gjennom eit forsikringsselskap (sikra ordning).

**Sikra ordning (finansiering ved fondsopplegg)**
Sikra ordning inneber at pensjonspliktene er dekka ved øyremerking i dag av eigedelar for finansiering av pensjonsutbetalingar i seinare periodar (i praksis gjennom eit lovforsikringsselskap/eigen pensjonskasse). På grunn av strenge lovreglar for bruk av midlane inneber eit fondsopplegg også automatisk ei sikring av at pensjonsforpliktingane kan oppfyllast heilt eller delvis. Bømlo Kraftnett AS har inngått avtale med KLP.

**Økonomiske føresetnader**

| | 2021 | 2020 |
|---|---|---|
| Diskonteringsrente | 1,90% | 1,50% |
| Venta avkasting på pensjonar | 3,70% | 2,40% |
| Lønsvekst | 2,75% | 2,00% |
| Pensjonsregulering | 1,73% | 0,99% |
| Venta G-regulering | 2,50% | 1,75% |

Som aktuarmessige føresetnader for demografiske faktorar og avgong er det lagt til grunn vanleg brukte føresetnader innan forsikring.

| | 2021 | 2020 |
|---|---|---|
| Noverdi av pensjonsoppteninga i år | 1 978 499 | 1 563 417 |
| Rentekostnad på pensjonsforpliktinga | 912 118 | 1 025 882 |
| Avkasting på pensjonsmidlar | -1 312 197 | -1 414 256 |
| Arbeidsgjevaravgift | 174 726 | 133 381 |
| Administrasjonskostnader | 69 941 | 83 267 |
| Amortisering av estimatavvik | 598 822 | 200 083 |
| **Resultatført pensjonskostnad** | **2 421 909** | **1 591 774** |
| | | |
| Berekna pensjonsplikter | 56 962 326 | 50 822 226 |
| Pensjonsmidlar | -46 339 172 | -37 680 692 |
| Ikkje resultatført estimatavvik | -10 575 888 | -12 671 855 |
| **Utrekna pensjonsforplikting per 31.12.** | **47 266** | **469 679** |

**Note 4 Aksjonærar**

**Aksjekapitalen i Bømlo Kraftnett AS pr. 31.12.2021 er sett saman av:**

| | Antal | Pålydande | Bokført |
|---|---|---|---|
| Ordinære aksjar | 30 000 | 100,00 | 3 000 000 |
| Sum | 30 000 | | 3 000 000 |

**Eigarstruktur**

| | Antall | Eierandel | Stemmeandel |
|---|---|---|---|
| Finnås Kraftlag Sa | 30 000 | 100 % | 100 % |
| Totalt antal aksjar | 30 000 | 100 % | 100 % |

# Bømlo Kraftnett AS
## Notar til rekneskap 2021

### Note 5 Eigenkapital

| | Aksjekapital | Overkurs | Annan eigenkapital | Sum eigen-kapital |
|---|---|---|---|---|
| **EK pr. 31.12.2020** | **3 000 000** | **240 203 599** | **4 364 707** | **247 568 306** |
| | | | | |
| *Endring i EK i året:* | | | | |
| Resultat i året | | | 5 297 970 | 5 297 970 |
| **EK pr. 31.12.2021** | **3 000 000** | **240 203 599** | **9 662 677** | **252 866 275** |

# Bømlo Kraftnett AS

## Notar til rekneskap 2021

### Note 6 Skatt

| **Skattekostnad dette året** | **2021** |
|---|---|
| Resultatført skatt på ordinært resultat: | |
| Skatt som skal betalast | 0 |
| Endring i utsett skatt | 1 494 299 |
| Skattekostnad ordinært resultat | 1 494 299 |
| | |
| Skattepliktig inntekt: | |
| Ordinært resultat før skatt | 6 792 269 |
| Permanente skilnader | 0 |
| Endring i mellombelse skilnader | -7 178 355 |
| Skattepliktig inntekt | -386 086 |
| | |
| Skatt i balansen som skal betalast: | |
| Skatt på resultatet dette året som skal betalast | 0 |
| Sum skatt i balansen som skal betalast | 0 |
| | |
| Utrekning av effektiv skattesats | |
| Resultat før skatt | 6 792 269 |
| Skatt rekna av resultat før skatt | 1 494 299 |
| Sum | 1 494 299 |
| Effektiv skattesats | 22,0 % |

Skatteeffekten av mellombelse skilnader og underskott til framføring som har gjeve opphav til utsett skatt og utsette skattefordelar, spesifisert på typar av mellombelse skilnader

| | **2021** |
|---|---|
| Varige driftsmiddel | 26 667 233 |
| Fordringar | -193 634 |
| Pensjonspremie/- forplikting | -47 266 |
| Andre skilnader | 4 706 000 |
| Sum | 31 132 333 |
| | |
| Akkumulert underskott som kan framførast | -386 086 |
| Grunnlag for utsett skatt | 30 746 247 |
| | |
| Utsett skatt (22 %) | 6 764 174 |

# Bømlo Kraftnett AS

## Notar til rekneskap 2021

**Note 7 Transaksjonar og mellomverande med selskap i same konsern m.m.**

**Resultatmessige transaksjonar med selskap i same konsern:**

| Transaksjon/ transaksjonsgruppe | Tilhøyrer resultatlinje | Motpart | 2021 |
|---|---|---|---|
| Fellesføring | Anna driftsinntekt | Finnås Kraftlag AS | 352 498 |
| Sal av varer og tenester | Anna driftsinntekt | Finnås Kraftlag AS | 1 738 577 |
| Kjøp av varer og tenester | Annan driftskostnad | Finnås Kraftlag SA | 8 074 904 |
| Kjøp av tenester | Annan driftskostnad | Finnås Kraftlag AS | 428 215 |
| Sum | | | 10 594 194 |

**Note 8 Bankinnskot**

Midlar på skattetrekkskonto (bundne midlar) er kr 570 948. Beløpet dekkjer skuldig skattetrekk pr. 31.12.

# Bømlo Kraftnett AS

## Notar til rekneskap 2021

**Note 9 Segmentinformasjon**

| | Distribusjon | Øvreg verksemd | Totalt |
|---|---|---|---|
| **Inntekter** | | | |
| Overføringsinntekter | 74 928 538 | 0 | 74 928 538 |
| Andre inntekter | 692 410 | 5 045 541 | 5 737 951 |
| **Sum inntekter** | **75 620 948** | **5 045 541** | **80 666 489** |
| | | | |
| **Kraftkjøp mv.** | | | |
| Nettap, eige nett | 6 531 940 | 0 | 6 531 940 |
| Nett-tj. overliggjande | 28 977 338 | 0 | 28 977 338 |
| Varekjøp, anna | 876 554 | 1 842 997 | 2 719 551 |
| Sum varekjøp | **36 385 831** | 1 842 997 | 38 228 829 |
| | | | |
| **Bruttoavanse** | **39 235 117** | **3 202 544** | **42 437 660** |
| | | | |
| **Driftskostnader** | | | |
| Personalkostnader | 12 877 084 | 2 131 225 | 15 008 309 |
| Aktivert løn | -3 767 580 | 0 | -3 767 580 |
| Andre driftskostnader | 15 298 944 | 614 455 | 15 913 399 |
| Avskrivingar | 8 171 897 | 152 252 | 8 324 149 |
| Tap på fordringar | 95 687 | 105 648 | 201 335 |
| Sum driftskostnader | 32 676 031 | 3 003 580 | 35 679 611 |
| | | | |
| Driftsresultat | 6 559 086 | 198 964 | 6 758 049 |

**Meir-/mindreinntekt (tal i heile tusen)**

**Berekning av meir-/mindreinntekt inkl. KILE**

| | |
|---|---|
| Sum nettleigeinntekt | 74 929 |
| Andre inntekter (inkl. morarenter) | 538 |
| Sum faktisk nettleigeinntekt | 75 467 |
| Fastsett initiell inntekt i eige nett (-) | -49 158 |
| KILE-kostnader | 1 312 |
| Fjerning av tidsetterslep investeringar | 344 |
| Kostnader ved overliggjande nett (-) | -28 977 |
| Eigedomsskatt | -857 |
| Avgifter Elhub/FoU | -522 |
| Total inntektsramme | -77 858 |
| Meir- (+)/mindreinntekt (-) i året | -2 391 |

**Avkastningsgrunnlag**

| | Gj. snitt |
|---|---|
| Driftsmidlar | 204 462 |
| Kundespesifikke anlegg | 23 534 |
| Felles anleggsmidlar | 12 586 |
| Netto arbeidskapital (påslag 1%) | 2 406 |
| Sum avkastningsgrunnlag | 242 988 |
| | |
| Driftsresultat ekskl mindreinntekt | 6 559 |
| Avkastning % ekskl mindreinntekt | 2,7 % |
| Driftsresultat inkl mindreinntekt | 8 950 |
| Avkastning i % inkl mindreinntekt | 3,7 % |

Ved utgangen av rekneskapsåret 2021 er det under posten andre fordringar balanseført MNOK 4,747 i mindreinntekt og renter.